

Innspel til Temaplan for breiband og digitalisering 2023-2029

Oppsummering

Innspel

Organisasjon	Ullensvang kommune
Namn	Ragnvald Joakimsen
E-post	ragnvald.joakimsen@ullensvang.kommune.no

Andre innspel

Vi mottok melding om høyring 10.03.2023 med høyringsfrist 14.04.2023, noko som gav oss om lag ein måned til å behandla denne og kome med vår uttale. I denne perioden var det i tillegg påske. Dette gav oss svært kort frist og gjorde det vanskeleg å få behandla dette politisk. For at det skal vere mogleg for kommunen å behandle dette på ein tilfredstillande måte bør det vere minst 6 vekers høyringsfrist på slike planar.

Digital kompetanse

Til pkt 2.3.1 Kva er digital kompetanse (siste avsnitt før pkt 2.3.2)

I teksten slår ein fast sysselsette sitt kompetansenivå heng tett saman med deira utdanningsnivå og det stemmer nok, men skildrar ikkje godt nok at erfaring frå yrkeslivet i høve til generell digital kompetanse og arbeid med spesifikke digitale arbeidsverktøy er minst like viktig for å utvikle og ikkje minst vedlikehalde digital kompetanse på mellomnivået.

Til pkt. 2.4 Digital verdiskaping og innovasjon

I første avsnitt blir det peika på at datasentre er heilt sentrale delar av vår digitale grunnmur.

Frå Ullensvang kommune er det viktig å peike på at datasentere sin kapasitet difor primært må nyttast til verdiskapande næringar og effektiviserande tenester som byggjer opp under lokale og regionale arbeidsplassar, både når det gjeld privat næringsliv og offentlege tenester.

Digital infrastruktur

Til pkt 3.1.2 Finansiering

Det er viktig å vidareføre og gjerne styrke ordninga for utbygging av breiband i område der det ikkje er kommersielt grunnlag for investeringar.

Digital samfunnsutvikling

Til pkt 3.2.1 Prioriterte satsingsområde for digital samfunnsutvikling

Kommunale tenester

Ullensvang kommune ser det som viktig å bygge opp under og bygge vidare på samarbeidet i Digi Vestland. Det er viktig at slike samarbeid har stort fokus på kompetanseutvikling også ute i den einskilte kommune.

Beredskap og sikkerheit

På same måte som ved tradisjonell samferdsle kan også digital kommunikasjon (fysisk nett og andre installasjonar) vere utsett for naturhendingar som t.d. ras, flaum og vind.

Digital inkludering

Med bakgrunn i demografisk utvikling og personellsituasjonen, spesielt i omsorgssektoren er dette viktig. Med låg grad av digitalt utanforskap kan brukarane sjølv i større grad kunne gjere seg nytte av ulike typar velferdsteknologi, sjølv sagt i tillegg til og i samarbeid med fagpersonar på ulike nivå.

Til pkt 3.2.2.

Har valt å kommentere dette i tilknytning til kap. 3.2 sidan det er her planen tek opp temaet "Beredskap og sikkerheit". Kunne også vore kommentert under kap. 3.1 Digital infrastruktur.

Det bør også kartleggjast i kor stor grad digital "samferdsle" har kritiske punkt som kan vere utsett for naturhendingar i eit klima som vert "våtare og villare".

Digital kompetanse

Til pkt. 3.3.1 Prioriterte satsingsområde for digital kompetanse

Tverrfaglege emne innafor digitalisering og IKT på utdanningsinstitusjonar i fylket.

Her må det etter vårt syn spesifiserast at "utdanningsinstitusjonar" også omfattar alle vidaregåande skular. Som følgje av dette må det også gå fram at tverrfaglege emne innan IKT og digitalisering også skal vere eit tilbod på alle vidaregåande skular og at dette skal vere eit tilbod til alle elevar og studentar.

Til 3.3.2 Mål for digital kompetanse

Under overskrifta "Digital inkludering" ovanfor blir det peika på at enkelte grupper fell utanfor den digitale utviklinga som skjer. Denne problemstillinga viser ikkje att under målformuleringane og under finansiering i det heile i dette kapittelet. Her bør det kome inn eit eige kulepkt. øvst i tabellen med ei målformulering om at denne gruppa skal reduserast i Vestland. Evt flyttar ein dette med digital inkludering til kap 3.2 der det allereie er omtalt i "måltabellen".